

# NM-gullet glapp med minimal margin

Erlend Nordland Kristiansen

Publisert: 08.AUG 2016 13:00 Oppdatert: 08.08 2016 13:50



SØLV: Jonas Bjørge poserer med trofeet han fekk etter ein solid 2. plass i gokart-NM i Sigdal. FOTO: Privat

## Jonas Bjørge var berre nokre frå centimeter frå NM-gullet i gokart.

18-åringen frå Meland herja under gokart-NM i Sigdal i Buskerud.

– Det er deilig at innsats gir resultat, seier Bjørge etter finaleløpet søndags ettermiddag.

### LES OGSÅ



**18-åring satsar på å vinna NM i gokart**  
Tenåring frå Meland hevdar seg i norgestoppen.

### Tekniske problem

For etter innleiande rundar laurdag såg det mørkt ut.

– Laurdag var det mykje motgang. Tekniske problem førte til at eg måtte starta bakerst i alle dei innleiande heata. Først i siste innleiande heat fekk eg kjørt utan nokon problem, og då kjørte eg forbi halve feltet.

Så når finalen endeleg kom fekk han fjerde startposisjon av tretten startande.

– Det sto mellom meg og to andre i finalen. Vi tre fighta i lag i 30 rundar og vi låg likt då vi kom mot mål på

### 7,5 hundredelar

I forkant av løpet sa han at uthald er avgjerande i gokart-sporten.

– Gokart er ein sport som krev at du kan halde fokus og konsentrasjon i heile løpet. Har du ein bak deg, så kan den minste feil føra til at du mistar plasseringa di.

Og etter 40 intense rundar på bana i Sigdal blei det små marginar. Vinnaren Morgan Kristiansen vart klokka inn berre 7,5 hundredelar før Bjørge.

Dermed blei det sølv for melandbuen. Framleis kan han vinna den landsomfattande norgescupen. Etter fire av seks løp er det Bjørge som er på førsteplass.

VIS KOMMENTARER